



Miljødirektoratet
Postboks 5672 Sluppen
7485 TRONDHEIM

Dato: 14.09.2015
Vår ref.: 2015/66-19
Saksbehandlar: eirkniv
Dykkar ref.:

Tilleggssøknad om statleg sikring av friluftsområde Kobbavågen i Sund kommune

Hordaland fylkeskommune mottok den 20.07.2015 ein søknad frå Bergen og Omland Friluftsråd om statleg sikring av friluftsområdet Kobbavågen på Risøy i Sund kommune. Til grunn for vurderinga av søknaden ligg føringar frå Miljødirektoratet, Regional kulturplan for Hordaland (2015-25) og kartlegginga/ verdsettinga av regionale friluftsområde i Hordaland frå 2008.

Søknaden fyller vilkåra for statleg sikring. Søknaden gjeld kjøp/tilrettelegging av areal i friluftsområde Kobbavågen i Sund kommune. Bergen og Omland Friluftsråd har høg kompetanse og gjer ein god jobb både i samband med sikring og forvaltning av områda. Det kan difor leggjast til grunn at dei føremål og tiltak som er skildra vil verte ivareteke på ein god måte.

Hordaland fylkeskommune vil tilrå at søknaden vert innfridd fullt ut. Under følgjer ei kortfatta skildring og vurdering av søknaden.

Bergen og Omland Friluftsråd søker om kr. 340 000 til statleg sikring av området Kobbavågen gnr.24, bnr.5 i Sund kommune. Kobbavågen er eit av dei mest populære regionale utfartsområda i Hordaland for kajakkpadling og har sidan 80 talet vore klassifisert som eit regionalt båtutfartsområde. Området Kobbavågen som ligg ved Risøy har store svabergsområder der det er langgrunne viker med skjell sand. På Risøy er det lynghei og førekomstar av bergfuru. Kobbavågen har kulturattraksjon og eignar seg godt til opplevingsaktivitetar som å klatra, fiske i saltvatn og turområde sommartid. Området kan ikkje nåast utan båt eller kajakk. Sikring vert gjennomført ved minneleg avtale. Ein underteikna avtale er klar om ein får tilsagn om midlar til statleg sikring av området.

Om de har spørsmål eller treng utfyllande informasjon kan de kontakte rådgjevar Eirik Knive på e-post: eirik.knive@hfk.no eller tlf: 55 23 91 66.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.